



ÅRSMELDING 2023



Årdal
Kraftlag



Sogn
SPAREBANK



Årdalsnett

Arbeidsutvalg og styremedlemmer

Leiar	Magne Knudsen	2023/24
Nestleiar	Hanne Øren	2023/24
Kasserer	Anne Kauppi	2023/25
Sekretær	Kjersti Nundal	2023/24
Styremedlem	Lasse Heggheim	2023/24
Styremedlem	Linn Hege Lereng Einan	2023/25
Ski	Even Gundersen Vee	2023/25
Fotball	Ulrik Ibsen	2023/25
Handball	Anne Kauppi	2023/24
Barneidrett	Vilde Lien	2023/25
Turn	Line Hals Kvanli	2023/25
Trim	Lis-Heidi Sværen	2023/25
El-Innebandy	Ingen aktivitet	
Friddrett	Ingen aktivitet	

Kontrollutvalget

Harald Husabø	2023/24
Anette Huun Jevnaker	2023
Vara Laila Hansen	2023/2024

Medlemsoversikt/register

Stine Fossen

Skulekontakt

Rektor og leiar ved Tangen skule

Valnemd

Hanne Stedje, leiar	2022/23 - 2023/24
Thomas Nordheim Moen	2022/23 - 2023/24

Representanter fra ÅTIL i Årdal idrettsråd

Magne Knudsen – Even Gundersen Vee	2023/24
------------------------------------	---------

Møteverksemd i AU/STYRE 2023/2024

AU - Møte	11. januar 2023
Styremøte	30. januar 2023 – Data opplæring
AU - møte	14. Mars 2023
Styremøte	20. Mars 2023
Årsmøte hovudlag	29. Mars 2023
AU-møte	25. april 2023
Styresamling	16. juni 2023
Styremøte	1. august 2023 – dugnad Seimsåsen (arkiv)
Styremøte	24. august 2023
AU-møte	5. september 2023 – i nytt klubblokale
Styremøte	5. oktober 2023
Styresamling	1. desember 2023
AU-møte	9. januar 2024
Styremøte	31. januar 2024
AU-møte	12. mars 2024

Medlemstall 2023

Stor takk til Stine Fossen som jobber med medlemsregisteret vårt. Tal på medlemmar for 2023 er 833. Fordeling på kjønn og alder ligg i Minldrett. Dei som har behov for dessa tala har fått informasjon. Dette har betydning for økonomisk stønad og fordeling av m.a. LAM midlar.

Aktivitet i ÅTIL

Det nye styret sette seg nokre arbeidsmål for året 2023/24 i fyrste møte 25. april 2023.

- Funksjonell klubbhandbok
- Sosiale medier (bli betre på dette)
- Spond som kommunikasjonskanal internt i styret
- Sponsoroppfølging
- Møteinnkallingar (møteplan)
- Målrock, dialog og organisering
- Økonomi
- Politiattest
- Referat
- Dugnadar
- Klubblokale til idrettslaget
- Buss og sjåførar
- Jobb med kommunedelplan
- Samarbeid med ungdomsklubben ved Open hall arr. i Tangenhallen

Det har vore jobba en god del med å få landa prosjektet 9'ar bana ved Tangen skule- og fritidspark (som vart opna av tidlegare miljøvernminister Knut Arild Hareide den 05.04.2004). Nytt dekke på den gamle kunstgrasbana vert no realisert i 2024. Fotballgruppa tok initiativ til eit felles dokument frå ÅTIL, ÅFK og IL Jotun som vart levert til Årdal Idrettsråd. Dokumentet beskriv erfaringar og utfordringar frå sesongen 2023 i høve bruk av fotballanlegget ute på Cuba.

Gruppene har vore engasjerte i arbeidet med kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Magne (som leiar for Årdal idrettsråd) har også delteke i dette planarbeidet. Nestleiar i idrettsrådet Ruth Laberg (IL Jotun) har koordinert deler av dette arbeidet på vegne av medlemmane i idrettsrådet. Stor takk til Even Gundersen Vee (Seimsåsen) og Hanne Øren (Tangen skule og området rundt) som leverte eit felles dokument som ÅTIL sitt innspel til denne planen. I etterkant har det vore jobba med ideskisse: Tangenhallen/uteområde/Cuba og arealplanarbeid på Seimsåsen. M.a. gjennom møteverksemd med Årdal kommune.

29. november 2022 gjennomførte ÅTIL ein klubbutviklingskveld på Klingenberg hotell, med god hjelp fra idrettskrisen ved Bodil Ryste og Kristiane Utheim Brown. Dette arbeidet er framleis under utvikling. Før sommarferien 2023 var det gjennomført kartlegging idrett, anlegg og fritidsaktivitet på begge ungdomsskulane. Og i september 2023 vart kartlegginga gjennomført på Årdal Vgs. Eit hovudtrekk er at det er høg prosent fråfall frå ungdomsskulealder. Dette gjeld alle aktivitetar. Rapport frå kartlegginga ligg ved årsmeldinga.

Me er no inne i slutfasen med å få uniformert idrettslagsbussen. Sjølv om dette tek litt tid, så må me ikkje gløyme at alle jobbar dugnad og set av den tida ein har til overs til ÅTIL. En stor takk til dykk alle.

BAMBUSA og sokker. ÅTIL gjorde ein 3-års avtale med BAMBUSA i 2022. Etter to salgsperiodar vart opplegget evaluert og ÅTIL kom til semje med BAMBUSA om å avvikle avtalen.

I løpet av 2023 har me fått på plass ein sponsorkoordinator som har ansvar for all dialog, bestilling og materialforvaltar-oppgåver. Takk til Linn Hege Lereng Einan som har teke på seg denne jobben.

Styret har hatt to samlingar (sommar og jul) der ein har hatt fokus på teambuilding og sosial samling. Dette har vore viktig for å knyte band og relasjonar. Samt å setje litt pris på dei betre halvdelane som ofte sit åleine heime medan styret driv på med ÅTIL-arbeid.

Hausten 2023 gjekk ÅTIL inn i ein samarbeidsavtale med rektor Veronika Bjørnerud og Tangen Skule, der m.a. ÅTIL får nytte det gamle «trimrommet» som nytt klubblokale. Hausten 2023 har styret jobba med å montere og setje opp møbler, skåp og diverse. Og no byrjar det å ta form eit flott ÅTIL klubblokale. Det har vorte flittig brukt til møter i AU og styret, samt møter i andre grupper. Tillegg har m.a. handball og fotball nytta det til div møter og samlingar med spelarar.

Når ein les årsmeldingane til gruppene ser ein at det blir gjort mye godt arbeid i idrettslaget. Ei stor takk til dykk alle for det arbeider de legg ned for barn og ungdom. Idretten i Årdal har eit samfunnsansvar som ÅTIL tek på alvor og det skal me vere stolte av. Ei stor takk til våre sponsorar og støttespelarar som bidreg med midlar inn til vårt arbeid. Me vil i denne samanheng rette ein særskild takk til Skigruppa ved Even Gundersen Vee som i 2023 har jobba fram 3 store prosjekt på Seimsåsen. Desse vil vere til nytte for heile Årdalssamfunnet. Dette gjeld LED-lys i lysløypa, frisbeegolf og mobildekning på Seimsåsen. Alle prosjekta vil verte realiserte i løpet av 2024. Me vil også takke Årdal kommune for godt samarbeid i desse prosjekta.

Ellers har ÅTIL vore med på div. ting som rører seg i kommunen. Me deltok m.a. på TV-aksjonen 2023, informasjons- og integreringsmøte med Ukrainske flykningar og fleire i styret har vore med når ungdomsklubben har arrangert Open Hall i Tangenhallen.

For ÅTIL
Magne Knudsen
Leiar